

# BUL-stikka

2-2008

Lagsblad for Bondeungdomslaget i Oslo - 87. årgangen

Velkomen til 17. mai-  
lunsj og Brusteinsball!

Sjå baksida

ALLSONG SÅ DET  
STOD ETTER!

Side 3

Spellaget gjennom PR-  
lydmuren med krimparodi

Side 3

## Teatersalen bortleigd 3 månader i haust - eigne aktivitetar må ut

Oslo Nye Teater leiger Teatersalen fram til byrjinga av november til prøver og deretter to eigne oppsetjingar. Alle dei faste aktivitetane våre må flytte til alternative lokale i denne tida.

Lagsstyret har akseptert ein førespurnad om utleige for såpass lang tid fordi det nå leitast overalt etter pengar til oppussingsstart. Årsmøtet ville ikkje selje Røkleivhytta, som var tenkt å utgjere eigendelen vår av prosjektfinansieringa.

Nå må vi låne pengar, og leigeinntektene vil i det minste dekkje ein del av rentene.

Alle særлага vil få tilbod om alternative lokale, mest mogleg tilpassa det dei treng. Det gjeld også barneteater/SFO-prosjektet.

### INNKALLING TIL OMFRAMT ÅRSMØTE I BONDEUNG- DOMSLAGET I OSLO

Medlemene i Bondeungdomslaget i Oslo vert med dette kalla inn til omframt årsmøte i Bondeungdomslaget i Oslo onsdag 11. juni 2008 kl. 18.00 i Teatersalen i Rosenkrantzgt. 8.

Sakliste:

1. Opning  
- godkjenning av innkalling og sakliste  
- val av ordstyrar  
- val av møteskrivar  
- val av to til å skrive under møteboka  
- val av teljekorps
2. Generalforsamling i Bøndenes Hus AS (sjå eiga innkalling)
3. Val  
- varamedlem lagsstyret
4. Årsmelding for Leikarringen 2007
5. Rekneskap 2007 for Bondeungdomslaget i Oslo
6. Prosjekt R8

Sakspapir er tilgjengeleg på lagskontoret.  
Oslo, 29. april 2008

For Lagsstyret i BUL  
Wenche Blomberg/s/  
styreleiar

Kari Bøyum  
dagleg leiar

Til generalforsamlinga i Bøndenes Hus AS  
Oslo, 27. april 2008.

### INNKALLING TIL GENERALFORSAM- LING I BØNDENES HUS AS

Det blir med dette kalla inn til generalforsamling i Bøndenes Hus AS onsdag 11. juni 2008 kl. 18.00 i Teatersalen i Rosenkrantz' gt. 8.

Sakliste:

1. Godkjenning av sakliste og innkalling. Val av ordstyrar, møteskrivar og ein til å skrive under møteboka saman med ordstyrar.
2. Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding for Bøndenes Hus AS og konsernet for 2007.
3. Føring av resultat.
4. Fastsetting av styrehonorar for 2007.
5. Fastsetting av honorar til revisor for 2007.
6. Val til styre.
7. Val av valnemnd.
8. Orientering om utvikling av selskapa.
9. Fullmakt til styret i Bøndenes Hus AS til auka låneoptak.

Rekneskapen er lagt ut på Lagskontoret for gjennomsyn. Dei som ønskjer å få tilsendt rekneskapen kan ta kontakt med Lagskontoret.

For styret i Bøndenes Hus AS  
Sven Presberg  
Styreleiar

Hans-Jul Mikkelsen  
Konsernsjef

[Leiarteigen]

### Eit godt årsmøte

Det er kome mange positive kommentarar i etterkant av årsmøtet. Folk oppfatta møtet som fredeleg, konstruktivt og velorganisert. Lagsstyret set stor pris på desse attendemeldingane, og vi er svært letta over at det gjekk så bra trass i at det var svært ulike syn i ei viktig sak, og sjølv om vi ikkje fekk medhald på alle punkt (og dermed sit att med nokre problem).

Eg trur det er to hovudgrunnar til dette. Først at dei tunge sakene har vore tema i drøftingar på ulike nivå i organisasjonen gjennom heile det siste året. Dermed var detaljspørsmåla avklara i forvegen, og berre det prinsipielle stod att til avgjerd.

For det andre hadde lagsstyret lagt ned ein god del arbeid i førebuingane, slik at møteavviklinga gjekk på skjener. Så trass i fleire store saker, vart dette eit av dei kortaste årsmøta på mange år.

Dette bør vi kunne lære noko av. Inga naturlov seier at årsmøta i BUL må ta fleire dagar! Om heile laget vert med i viktige spørsmål på førehand, vil det styrkje lagsdemokratiet, og gi oss korte og tydelege årsmøte.

Nå legg vi inn turboen for 17. mai - og så er sommaren ikkje langt unna. Ha ein vel fortent ferie!

Helsing Wenche





## Bjeff:

### *HYTTESTYR-RÆPP*

På årsmøtet meinte lagsstyret:  
Teatersalplanane vart så dyre,  
at vi berre har råd til éi bondehytte!  
Pengar for den andre må laget nytte  
til kulturhuset i Rosenkrantzgata åtte,  
det nye, gjeve KULTURSLOTTET!  
Men hyttesalet gjekk rett til skafottet,  
så laget framleis to hytter åtte.  
No vert det lån til høgt over pipa  
medan hyttestyret betaler renter,  
i alle fall til ripa:  
Med loppemarknad, bingo og tivoli  
får hyttestyret ei triveleg tid,  
med nok å henge fingrane i -  
auksjonar, tombola så ofte dei kan  
er premien for dei som avrøystinga vann!  
Mindretalet meiner det ikkje er frekt  
at hyttestyret held på til renten' er dekt!

Helsing Trond og Arne

## Nytt mannskap i BLS

På framhald av årsmøtet i BLS 22. april hadde den nye valnemnda funne kandidatar til alle verv. Det nye styret i fylkeslaget er nå Roy Sævik (BUL), leiar, Marianne Dahl (Symra), Gunvald Grønvik (BUL), Liv Hege Skagestad (Bygdelagskoret) og Bjørn Barvik (Bygdelagskoret). Personlege varafolk for desse: Brit Totland (Valdreslaget), Jon Låte (Oslo Songdanslag), Arild Engen (Hordalaget) og Elisabeth Bring (Valdreslaget).

Til Eigedomnemnda vart desse valde: Gunvald Grønvik (leiar), Jon Låte (nestleiar) og medlem Arne Bergstrøm frå Symra.

## Felles planmøte i haust

Rapporten frå Revisjonsnemnda som vart framlagt for årsmøtet, inneheld mange gode idear som lagsstyret ser på som svært nyttige. Også Kontrollnemnda har fornuftige innspel i meldinga si som kjem opp på omframt årsmøte saman med rekneskapen.

Eit viktig tema er langtidsplanlegging i samarbeid med sær- laga og forretningane, der budsjettarbeidet tek til mykje tidlegare. Saka vert eit tema på styreseminaret vi har før sommarferien, der vi vil førebu opplegget for dette.

## Eit anna Råd?

I tråd med idear som kom fram både i ”Telemarks- rapporten” og frå Revisjonsnemnda, låg det føre eit lovframlegg frå lagsstyret til årsmøtet om å redusera Rådet monaleg og å overlata arbeidet med å finne eigna kandidatar til valnemnda, i staden for å setje det saman meir tilfeldig etter listeval.

På førehand var det kome fram ein del skepsis mot ein så stor reduksjon, men årsmøtet vedtok like- vel å skjera ned Rådet til ei forsamling på åtte + to varafolk. Meininga med det var å gjere det lettare å få samla vedtaksføre møte og ansvarleggjere medlemene meir. Rådet skal ha tilsyn med økonomien i laget, og gi styret råd i saker av *monaleg* økonomisk omfang, men unngå detaljstyring.

Det nye Rådet kjem saman i mai. Vi har spurt leiar i det ”gamle” Rådet Olav Kårevik korleis han ser for seg at det nye vil verke.

– Eg ser ikkje at det har skjedd andre endringar enn at talet på medlemmer er redusert. Det er få andre endringar, slik at det vert litt opp til det nye Rådet sjølv å definere. Eg meiner vel vi har større utfordringar i Bondeungdomslaget enn at Rådet vart redusert. Så dersom det vert einaste konkrete resultatet av den organisasjonsgjennomgangen vi har hatt siste åra, har vi fått lite att for pengane vi har lagt ut.

– *Kva er den største utfordringa til det nye Rådet frametter etter di meining?*

– Kontrollnemnda kom med ein god rapport til årsmøtet i år. Rådet har ei stor utfordring i å få betra rapporteringsrutinar for Laget og særлага. Det er på tide at ein no får same rapportoppsett for alle. Gjerne med kommentarar frå særslag eller rekneskapsførar. Det same gjeld budsjetttrinane som gjerne kan be- trast. Rådet må ta tak i rapporten til Kontrollnemnda og kommentarane frå revisor og saman med lags- styret, kontoret og særлага utarbeida betre rapporte- rings- og kontrollrutinar, seier Olav.

## Ombygging vedteke

Årsmøtet vedtok å setje i gang ombygging av Teatersalen under føresetnad av at finansiering kjem på plass. I 2008 er det opprusting av foajé og tilrettelegging for handikappa som skal gjennomførast.

Til årsmøtet hadde styret gjort framlegg om å selje Røkleiv- hytta, og bruke inntektene frå salet til å delfinansiere opprustinga av Teatersalen. Dette framlegget vart ikkje vedteke.

Styret arbeider no med å finne andre finansieringskjelder, slik at oppussinga kan setjast i gang som planlagt i haust.

## ...og heile salen song!



Trubaduren og lagsleiaren dreg opp den populære "Folket bak veven". (Foto: Kari Bøyum)

Ikkje all song er god song, men onsdag 16. april var allsongen god i Teatersalen! Mykje takk vere trubaduren Kari Svendsen og hennar makker, multimusikaren Stian Carstensen. Dei var drivande gode forsongarar og baud sjølve på både samspel og solonummer av beste merke.

Det har vel ikkje vore sunge så fulltonande og flott i Teatersalen på lange tider. Rett nok var Songlaget, som skipa til kvelden i lag med lagsstyret og Rikskonsertane, kjernetroppane i salen denne kvelden, men me var mange andre med og gav lyd til kjende og meir ukjende songar og viser. Trur det må ha vore mellom 80 og 100 stykke til stades, det let iallfall slik! (90, red.)

Kari Svendsen var seg sjølv lik, baud på glitrande banjospel og rappkjefta songkunster, som i "Marsjkonkurransen" (Og vi gikk og gikk...), og fekk med seg folk både i refreng og i mange viser og songar, mellom andre av Alf Prøysen og ikkje minst Geirr Lystrup. Blandinga av kjent og kjært og noko nytt og spennande var framifrå. Og Stian Carstensen gav til beste fleire fenomenale trekkspeleparti og eit par steikande artige eigne viser med tema frå Eidsvolltraktene.

Dagleg leiar ved Norsk visearkiv, Velle Espeland, smatt inn lettfatteleg folkeopplysing om song- og viseskatten vår, medan lagsleiar Wenche Blomberg var vise-vert for kvelden på ein ledig og munter måte. Dessutan var det helsing frå Rikskonsertane, dei var med på notane...

Opplegget i år var eit samarbeid mellom BUL og Rikskonsertane si allsongsatsing "Heile Noreg syng", og dette var andre gongen laget prøver seg med ei slik tilskipping i Teatersalen. Om ikkje noko heilt uventa hender, vert det liknande opplegg neste år også, og då må alt BUL-folket bli med på dette vårsleppet av stor songglede og godt humør! Årets utgåve var desidert vårens vakraste til no...

Alv Reidar Dale  
allsongar

## Mord på mord på mord...



Stor fagnad for Spellaget på premieren. (Foto: Terje Svindseth)

Spellaget si oppsetjing av stykket til Knut Nærum vart ein ubetinga suksess. Dei fekk fleire publikummarar og meir førehandsomtale enn nokon gong før, men viktigast er teaterlaget si utvikling frå "ganske gode" til nesten proffe.

*Mord over ein låg sko* er ein ellevill parodi over trettitalets "salongkrim", med "typisk Nærumsk" burlesk humor. Skodespelarane gjer ein glitrande jobb, det lyser av speglede og engasjement. Vi møter eit ensemble som er trygge på seg sjølv og elsker å spele – noko som lyfter stemninga frå første scene.

Gjennom dei 5–6 åra eg har følgd Spellaget, har eg sett ei rekkje talent og gode oppsetjingar. Med denne siste har dei lyfta seg til nye høgder. Alle er gode, og det er (litt) urettferdig å trekkje fram enkeltprestasjonar.

God instruksjon, mange øvingar/gjennomkjøringar og det å kunne spele på ein scene (som BUL-salen har mangla i fleire år) gjer at alle får vist seg fram og gjer ein knallgod jobb. Det er inga knoting med nynorsken. Personleg hadde eg heller sett at ein brukte dialektane i staden for skriftspråket, men denne gongen fungerte det.


Eg ventar i spenning på neste oppsetjing, og håpar laget har lært at det er naudsynt med øving og samkjøring (noko som nok har mangla tidelegare). Å ha ein kjendis som manusforfattar og instruktør hjelpte denne gongen, neste gong må dei klara seg åleine – og det har dei alle føresetnader for å gjere. Men dei treng publikum, og vi treng Spellaget, så følg med og møt opp på neste framsyning.

Torill Storvestre

### Fakta:

Spellaget i BUL: *Mord over ein låg sko*  
Manus, omsetjing og regi: Knut Nærum  
Spela 5 gonger i Teatersalen i april  
Publikum: Nær 300, omsetnad 22 000  
Avisoppslag, sjå heimesidene: [www.bul.no](http://www.bul.no)

Den gamle scena gjorde teneste utan å klappe saman. Men like etter spelestart på siste framsyning gjekk brannalarmen, og alle måtte ut. Det førte berre til ti minutt forseinking. Vel blåst!



Attende til:

BUL, Rosenkrantz gt. 8, 0159 Oslo

## Lagskontoret

Kontortid kvardagar kl. 9–16  
Sentralbord tlf. 23 21 41 60 lagskontor@bul.no

Kari Bøyum, dagleg leiar, tlf. 23 21 41 63  
kari.boyum@bul.no

Oddfrid Bjørndal, kontormedarbeidar, tlf. 23 21 41 62  
oddfrid@bul.no

Hege F. Pedersen, dagleg leiar Idrottslaget, 23 21 41 68  
idrottslaget@bul.no, hege.pedersen@bul.no

Olav Aaboen, arrangement Idrottslaget, tlf. 23 21 41 69

## Tillitsvalde

Lagsleiar: Wenche Blomberg, tlf. 22 37 38 10  
wenche.blomberg@jus.uio.no

Nestleiar: Sveinung Helgheim, tlf. 22 71 72 05/  
93 65 22 09 shelgh@online.no

Ansvarleg redaktør for BUL-stikka: Wenche Blomberg

## Vi sjåast 17. mai!

Det vert mykje trakking 17. mai, og lunsjtilskipinga i Teatersalen er eit velkome pustehol. Songlaget stiller opp, vi får ein god varmrett av hemmeleg regionalt opphav, og kaffi med tilhøyrande festkake.

Årets talar er ein gjest med ei lang reise bakom seg: *Reza Rezae* kom frå bondebygda i Iran og havna på Sagene og i Mållaget - og i eit målordskifte om ballongteori. Dette spranget håpar vi å få høyre meir om. Dessutan får vi ein gjest frå Slovenia, folkesongaren og -samlaren Ljuba Jence!

Vi gjer som i fjor: sel billetter i hotellresepsjonen fram til på ettermiddagen 16. mai. Pris: 150/70 kroner.

Du har ikkje ein ny nabo eller kollega, da - som du kan introdusere i miljøet vårt denne dagen?



Hugs stoff til: [web@bul.no](mailto:web@bul.no)

## Kalenderen

- 17. mai – Ivar Aasen-bauten på Vår Frelzers gravlund: kransenedlegging kl. 9,15 v/Edvard Hoem  
– Leikarringen dansar frå Egertorget kl. 9,15  
– Lunsj i Teatersalen kl. 13  
– Brusteinsball Universitetsplassen kl. 18,14-20,08
- 25.mai Gamle Aker kyrkje kl. 19: Songlaget lanserer "Solbøn"
- 26. mai Lagsstyremøte (NB måndag!)
- 28. mai Rådsmøte kl. 18
- 31. mai Stor lansering av Barne- og ungdomsteatret "Den mangfaldige scena" kl. 13–19 i Teatersalen!**
- 1. juni Bygdelagsstemne på Norsk folkemuseum  
– Kulturkveld i Maridalen kyrkje kl. 19
- 11. juni Omframts årsmøte og generalforsamling BHAS kl. 18
- 23.-24. august: Bislett Special Olympics

## Sentrumsløpet 2008

Sentrumsløpet 27. april blei eit godt arrangement sjølv om veret ikkje var av det heilt store. Deltakartalet er i ferd med å auke ganske kraftig frå dei siste to åra, og i år hadde vi endeleg over 2 000 påmelde og 1 706 som fullførte 10 km.

Omlag 300 barn var med på bameløpet, det var topp stemning og god underhaldning frå scena etter løpa. Tusen takk til alle frå BUL som var funksjonærar! Dei gjorde ein kjempejobb!

## Leikarringen

Medlemsengasjement og frammøte svingar, og dette har Leikarringen fått merke denne våren. Årsmøtet greidde ikkje å velje nytt styre i februar, og sette Rådet i Leikarringen til å styre skuta vidare.

Til å hjelpe seg har Rådet sett ned ei leiknemnd med folk som møter på øvingane nokolunde regelmessig – Anne Cathrine Johansen, Christine Bjonness-Nilsen, Andrea Dale Wefring og Klas Ekeland. Desse vil gjere det som er mest naudsynt for at skuta skal flyte framover, t.d. at vi får på plass eit godt haustprogram. Programmet for våren finn du på [www.bul.no](http://www.bul.no). Omframts årsmøte i Leikarringen finn stad etter sommarferien.

For Rådet, Rune H. Bjerke